


Vestnes kommune
Rådhuset

6390 Vestnes



Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/02923-6

11.2.2010

Ark.: 326.12 NJG

Klage på vedtak i namnesak 1995/1 i Vestnes kommune

Statens kartverk gjorde vedtak om skrivemåten Mesfjorden for gardsnamnet til gnr. 47 i Vestnes kommune i ei namnesak i kommunen i 1995. Vedtaket var i samsvar med tilrådd skrivemåte frå stadnamntenesta. I høyringsrunden hadde kommunen og grunneigarar gått inn for skrivemåten Misfjord.

Eigarane av gnr. 47 bnr. 2 seier at dei ikkje fekk skriftleg varsel om namnevedtaket på garden deira. Dei klagar no på vedtaket om skrivemåten Mesfjorden. I staden vil dei ha Misfjorden. Grunngevinga for klaga er at "dette er vårt gardsnavn og slektsnavn Misfjord. Alle vi som har slektsnavnet Misfjord ønsker denne endringen. Det er unaturlig at det skal stå Mesfjord og Mesfjorden på kart og GPS og liknende".

Sidan det ikkje kan dokumenterast at skriftleg varsel om vedtak er sendt, må vi godta klaga, sjølv om ho kjem såpass lenge etter vedtaket. Saka vert derfor sendt til kommunen på ny høyring.

Kommunen må kunngjere at det er reist klagesak på gardsnamnet Mesfjorden, jf. lov om stadnamn. Matrikkelen (GAB) syner at namnet er nytta av bnr. 1 og 2. Kommunen skal sende skriftleg varsel til grunneigarane om at det er reist klagesak på namnet til deira eigedom. Kommunen og grunneigarane har høve til å uttale seg i høyringsrunden. Det same har lag, etatar og institusjonar som har særleg tilknytning til namnet.

I følgje lov om stadnamn § 4 er hovudregelen for fastsetjing av skrivemåte for gards- og bruksnamn å ta utgangspunkt i nedervd lokal uttale og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp. Forskrifta til lova seier dessutan: "Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte". Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

Oluf Rygh registrerte den lokalt nedervde uttala /mesj:oren/ sist på 1800-talet. Matrikkelen 1886 hadde skrivemåten Mesfjorden for både 47/1 og 47/2, medan GAB (Grunnboka) har hatt

skrivemåten Misfjorden på kvart av gardsbruka. Rygh si tolking går ut på at namnet kjem av eit oppinneleg fjordnamn, *Meisfjorden, og at forma på fjorden har vore samanlikna med ein meis:


**Meisfjorðr. Samme Navn er Meisfjorden i Alstahaug og Misvær i Skjerstad, det sidste i OE. skr. Meiszefiordh. Iste Led er meiss m., Kurv, Meis, Kløvmeis eller Bæremeis; Navnet maa være begrundet i, at man har fundet en Lighed mellem Fjordene eller Dele af dem og en Meis. Her er det den ved en smal Strøm med Tresfjorden forbundne Flatevaag (kaldet efter GN. 48), som Navnet egentlig tilhører. I Udt. har man et Exempel paa den hyppige Udtrængen af f i -fjeld og -fjord efter foregaaende s.*

Namnet har så gått over til å verte namn på denne garden ved fjorden.

Sekundærfunksjonar av namnet vert trekte med i namnesaka. Det er naturnamna Mesfjord- eller Misfjordelva, Mesfjord- eller Misfjordvatnet, Misfjordfossen, Misfjordlia, og Misfjordskogen, og seternamnet Mesfjordsetra, som Statens kartverk er vedtaksorgan for, og vegnamnet Misfjordvegen der Vestnes kommune har vedtaksrett.

Kommunen har ansvaret for å innhente og samordne lokale høyringsutsegner. Desse vert sende til Språkrådet, Stadnamntenesta for Midt-Noreg, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU, 7491 Trondheim, med kopi til Statens kartverk, 3507 Hønefoss. Stadnamntenesta vil så gje si tilråding til Statens kartverk. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå mottak av dette brevet.

Med helsing


Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik
seniorkonsulent
Tlf. 32 11 87 83

Kopi til: Grete og Kolbjørn Misfjord, Gnr. 47 bnr. 2, 6390 Vestnes
Stadnamntenesta for Midt-Noreg